



REFERAT FRA	Trafikkplan Sunnhordland – møte med kommunane i regionen				
MØTELEIAR	Oddmund Sylta				
REFERENT	Målfrid Vik Sønstabø				
MØTEDATO	26.11.2015	TID	9 – 11	MØTESTAD	Grand hotell Stord
REF. DATO	28.11.2015	ARKIVSAK		ARKIVNR	
DELTAKARAR	Stord kommune: Harry Herstad, Magnus Mjør, Mariann J. Hilt, Sigbjørn Framnes Bømlo kommune: Odd Harald Hovland, Geir Aga Fitjar kommune: Wenche Tislevoll Etne kommune: Ingemund Berge Sveio kommune: Olav Bergsmål Tysnes kommune: Kåre Martin Kleppe, Steinar Dalland Skyss: Oddmund Sylta, Målfrid Vik Sønstabø				

Trafikkplan Sunnhordland – møte med kommunane i regionen

Skyss v/ Oddmund Sylta innleia møtet ved å gjere greie for at bakgrunnen for møtet i tillegg til å gje ein kort orientering om kollektivstrategien og kva overordna føringar som følgjer av denne og som då også har lagt til grunn for arbeidet med trafikkplanen. Trafikkplanen vart lagt fram til politisk handsaming i utval for miljø og samferdsel 11. november. Utvalet vedtok å utsetje saka slik at Skyss kunne ta ein ny runde med kommunane i regionen for å drøfta innspela til trafikkplanen. Kommunane var i invitasjonen til møtet bedne om å førebu ein presentasjon av sine innspel til trafikkplanen. Skriftlege innspel frå kommunane ville bli lagt ved referatet frå møtet.

Skyss v/Målfrid Vik Sønstabø gjorde greie for rammer og arbeidet med Trafikkplan Sunnhordland. Trafikkplanen omhandlar overordna planlegging og utvikling av busstilbodet i kommunane Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio, men skal også ivaretaka behov knytt til samanhengande reiser i Sunnhordlandsregionen. Trafikkplanen vil gi føringar for detaljplanlegging til nytt konkurransegrunnlag og for årlege tilpassingar og justeringar av tilbodet.

Innspel til trafikkplanen frå dei ulike kommunane:

Fitjar kommune viste i møtet til innspel gitt tidlegare og at referat frå desse dialogmøta var dekkande for dei innspela kommunen har til trafikkplanen.

Sveio kommune hadde førebudd ein presentasjon med innspel til trafikkplanen som vart vist i møtet. Sveio kommune peika på viktigheten av at skuleskyssen fungerte tilfredstillande samt at ein måtte tenkje knutepunkt i vidareutvikling av busstilbodet i kommunen. Presentasjonen er lagt ved referatet.

Bømlo kommune gav tilbakemelding på at trafikkplanen som er utarbeida var god, og presiserte sine tidlegare innspel som følgjer:



- Viktig med gode interne korrespondansar Svortland/Stokkabekken
- Knutepunkt som er viktige: Svortland/Stokkabekken (buss-buss), Rubbestadneset (buss-båt), Gassasundet (buss-buss), Føyno (buss-buss), Lervik (buss – båt til indre Sunnhordland)
- Dagle tur/retur Langevåg – Bergen over Rubbestadneset
- Korrespondanse med Kystbussen i begge retningar på Føyno
- Når nytt vegsystem er på plass – ønske om ny gjennomgang av busstilbodet med tanke på å utnytte det nye vegsystemet samt vurdere hovudtrasear Rubbestadneset-Svortland-Mosterhamn-Langevåg
- Tilpasser bussrutene til skulen(kommunen) sitt behov for skulebussruter
- Skyss må bidra til å få felles skuledagar mellom grunnskulen og dei vidaregåande skulane
- Ønske om at meir rasjonell drift gir nye tilbod – ikkje reduksjonar

Stord kommune tok opp at innspel som er gitt i tidlegare dialogmøter som blant anna:

- Ønskjer å prioritere høg frekvens i rush.
- Med sjukehuset og høgskulen plassert på Rommetveit er det viktig at linjene som betener desse fungerer
- Snøggbåt-tilbodet i Sunnhordlandsbassenget er svært viktig for regionen generelt og spesielt for trafikk til/frå Flesland

I tillegg har Stord sendt brev med skriftlege innspel, vedlagt i referatet.

Etne kommune la fram eit notat med sine innspel til trafikkplanen. Korrespondansar buss-båt samt buss til andre tilbod som ekspressbussar og Kolumbus sitt tilbod vart framheva. Notatet er lagt ved referatet.

Tysnes kommune gav tilbakemelding på at den viktigaste koplinga til bussrutene i kommunane som trafikkplanen omhandlar er gjennomgangsruta ein har i dag frå Tysnes til Stord. Tysnes ønskjer at denne gjennomgangsruta blir oppretthalde med direktebuss også frå hausten 2016. Elles vart korrespondanse buss-båt og buss-ferje trekt fram som viktig å få til gode løysingar på. Tysnes kommune samla sine innspel i ein presentasjon etter møtet og som er også lagt ved referatet.

Vedlegg:

Sveio kommune – presentasjon av innspel

Etne kommune – notat med innspel

Tysnes kommune – presentasjon med innspel

Stord kommune – brev med innspel



SVEIO KOMMUNE

- SKULESKYSS
- RUTESKYSS
- Presentasjon av seniorrådgiver Olav Bergmål i møte med Skyss på Stord 26.11.2015.

SKULESKYSS

- **ORGANISERING**
 - EIN SKULESKYSS ANSVALEG I SKULEAVDELINGA FOR OVERORDNA OG SAMORDNA DRIFT + BESTILLING AV NYE ENKELT OPPDRAG. KOMMUNIKASJON MED SKULANE, NOBINA, SKYSS, POLITISK MILJØ. MEDIA.
- **BESTILLING**
 - SKULANE HAR SKULESKYSSANSVARLEG SOM STYRER REGISTREING TIL CERT OG FAST SKULESKYSS PÅ SKULEN. KOMMUNIKASJON MED SKYSS, NOBINA, FORELDRE, SKULESKYSSANSVARLEG PÅ KOMMUNENIVÅ.
- **KOMMUNIKASJON MED SKYSS OG NOBINA**
 - SKULESKYSSANSVARLEG PÅ KOMMUNENIVÅ OG SKYSSANSVARLEG PÅ SKULENIVÅ.
- **PROBLEMER / UTFORDRINGAR**
 - VELDIG "STRAMME" RUTER FØRER TIL STRESS HOS SJÅFØRANE. DETTE FØRER TIL TRAVELHET I SITUASJONAR SOM KREV SÆRLEG MERKSEMD SOM DÄRLEG ELEVOPPFØRSEL, SNUING OG OPPSTILLING AV BUSS FØR NY RUTE, AV OG PÅSTIGNING,
 - ENKELT EPISODAR DER SJÅFØREN BRYT SERVICEKODEN TIL NOBINA
 - ORGANISERING AV OPPSTILLING PÅ OPPSTILLINGSPLASSEN PÅ SVEIO SKULE KL 14.00
 - SPRÅKPROBLEM DER SJÅFØREN IKKIE KAN NORSK ELLER ENGELSK
 - ELEVAR SOM MÅ STÅ I BUSSEN I BUSSAR SOM ER I VANLEG BUSSRUTE I KOMBINASJON MED SKULEBUSS
 - BILBELTEBRUK .
 - KØRING PÅ GLATTE VINTARVEGAR – BUSSRUTER SOM BLIR KANSELERTE.

LØYSINGAR PÅ UTFORDRINGANE

- VELDIG "STRAMME" RUTER FØRER TIL STRESS HOS SJÅFØRANE. DETTE FØRER TIL TRAVELHET I SITUASJONAR SOM KREV SÆRLEG MERKSEMAD SOM DÅRLEG ELEVOPPFØRSEL, SNUING OG OPPSTILLING AV BUSS FØR NY RUTE, AV OG PÅSTIGNING,
- LØYSING : LITT BETRE TID I RUTENE. TID TIL Å SNU BUSSEN BORTE FRÅ ELEVANE. TID TIL Å STOPPA OPP NÅR DET ER NØDVENDIG AV OMSYN TIL TRIVSEL I BUSSEN. MEIR TID VED AV OG PÅSTIGNING.
- ENKELT EPISODAR DER SJÅFØREN BRYT SERVICEKODEN TIL NOBINA
- LØYSING: ALLTID HØFFLEGE OG HYGGELEGE SJÅFØRAR OGSÅ I TILSPISSA SITUASJONAR.
- ORGANISERING AV OPPSTILLING PÅ OPPSTILLINGSPLASSEN PÅ SVEIO SKULE KL 14.00
- LØYSING: OPPSTILLING 10 MINUTT FØR AVGANG.
- SPRÅKPROBLEM DER SJÅFØREN IKKE KAN NORSK ELLER ENGELSK
- LØYSING: BUSSJÅFØREN MÅ KUNNE ENKEL NORSK ELLER ENGELSK ELEVAR SOM MÅ STÅ I SKULEBUSSEN I BUSSAR SOM OG ER I VANLEG RUTE
- LØYSING: EKSTRA BUSS/TAXI MÅ SETJAST INN. ALLE SKAL SITJA I EIT SETE MANGLANDE BILBELTEBRUK.
- LØYSING: SKAL BRUKAST AV ALLE PASSASJERAR I BUSS. KAMPAÑJE SAMAN MED SKULEN. KJØRING PÅ GLATTE VINTARVEGAR – BUSSRUTER SOM BLIR KANSELERTE. SIKKERHET FØRST. OM BUSSEN IKKE ER FORSVARLEG SKODD SÅ MÅ RUTA KANSELERAST OG SKULANE VARSLAST UMIDDELBARTE.

RUTESKYSS

- **GODE BUSSFORBINDELSAR – FOR HØGE BILLETTPRISAR**
 - STREKNINGA ULVERAKER – FØRDE- HAUKÅS (E-39)– HAUKÅS - SVEIO – HAUGESUND (F-47) ER GODT DEKKA HEILE DAGEN MED KYSTBUSSEN OG SKYSS. BILLETTPRIS SVEIO – HAUGESUND 110 KR MED KYSTBUSEN OG 55 KR MED NIBINA FOR ENKEL VOKSENBILLET.
- **MINDRE GOD DEKNING**
 - ALLE "SIDEVEIENE" TIL MØLSTREVÅG,BUAVÅG,AUKLANDSHAMN (GULLVEIEN), RØYKENESVÅGA ,KVALVÅG , FJON. (ÅLFJORDVEIEN), VALEVÅG –TTELSNES OG SVEIO –NORDSKOG - BUAVÅG – TJERNAGEL. HØGE BILLETTPRISAR .
 - "SIDEVEIENE" HAR DERFOR OFTE RUTEBUSS OG SKULESKYSS I SAMME BUSSEN.
- **ØNSKER OM FORBEDRING RUTEBUSS:**
 - KNUTEPUNKT-TENKING: HAUGESUND –EKRENE – SVEIO SENTRUM - FØRDE – LEIRVIK.
 - OFTARE OG BILLIGARE. FAST PRIS 30 KR FOR ENKELT VOKSENBILLET SVEIO – HAUGESUND OG SVEIO – LEIRVIK.
 - RINGBUSS SAMARBED MELLOM "SKYSS" OG "KOLUMBUS" FOR HAUKÅS- SVEIO- HAUGESUND SENTRUM – RAGLAMYR-AKSDAL – VÅG- HAUKÅS FOR FASTPRIS 30 KR FOR ENKELT VOKSENBILLET.
 - BEDRE BUSSRUTEDEKNING PÅ "SIDEVEIENE"
 - FELLES UNGDOMSKORT I HEILE ROGALAND OG HORDALAND - I ALLE FALL FOR SVEIO UNGDOMMANE.

• *Hjem før ein 50 -lapp før unnsjum*

Skyss

Trafikkplan Sunnhordland 24.11.2015

Innspel frå Etne kommune:

Snøggbåten frå Skånevik. Viktig for Etne kommune. Eit særsviktig samband både mot Sunnhordland og Bergen. Det hadde vore ynskeleg med buss til og frå Etne til nokon avganger.

Snøggbåten frå Ølen: Viktig for Etne. Det er utspel om å halda fram samarbeidet Rogaland/Hordaland. Dersom det lukkast må ein sjå på korrespondanse mellom båt og buss både på Bjoa og i Ølen. Båten går framleis. Bussen går forbi oppe på hovudvegen på Bjoa utan å gå nedom kaien når båten kjem. I Ølen går bussen til m.a. Sauda 5 min før båten kjem til kai.

Buss:

Etnesjøen- Skånevik – viktig internsamband. Viktig å få rute som korresponderer med snøggbåt/ferje.

Odda-Etne-Haugesund- viktig gjennomgangsrute og internrute som dekkjer store deler av kommunen. Må oppretthaldast og om mogeleg styrkast.

Korrespondanse:

- mellom Skyss og Kolombus må betrast.
- mellom Kystbuss, Kolombus og Haukeliekspressen
- mellom snøggbåt og Kystbuss

Kystbussen – ønskjer at fylket tek meir styring over tilbodet, sjølv om dette er kommersielt. Dersom ein må reise med buss frå Etne til Bergen, bør ein köyra privatbil til Haukås, Sveio. Det er 6 mil frå Etne sentrum. Aksdal er eit alternativ sørover. Nordover mot Bergen går nokon bussar om Aksdal, nokon går ikkje om Aksdal, men via flyplassen, Haugesund, ytre lei til Sveio. Haldeplass Haukås har behov for trafikksikringstiltak.

Skånevik- Utåker – Matre

Ei viktig ferjestrekning som knyt saman midtre Sunnhordland, Etne kommune og Kvinnherad kommune. Sambandet er viktig for næringslivet, pendlarar og lettar reisetida for folk både mot sør og nord. Er og eit gjennomgangssamband sør/nord til og frå E134. Sambandsstatistikken viser at trafikken ikkje er redusert etter opning av Jondalstunnellen.


Ungdomskort: Viktig å halde på ordninga med at ungdomskortet i Hordaland kan brukast over fylkesgrensa til Nord Rogaland både med buss og snøggbåt.

Informasjon om rutetilbodet. Det er vanskeleg å finne ut av rutehefta for reisande frå Etne. Haukeliekspressen, Kolombus, Skyss er tilbydar i kommunen. Det er ikkje råd å finne alt i ei rute. Slike utfordringar kan føre til at det vert vanskeleg å velje kollektivtilbod.

Etne 24.11.2015

Siri Klokkerstuen

Ordførar Etne kommune




PRESENTASJON TIL SKYSS

Møte 26.11.15

Tysnes Kommune

TYSNES



FERJEMATERIELL

Timesavgang Halhjem - Våge



Økt driftsikkerhet Hodnanes – Jektevik –
Huglo. Folgefonn er ofte ute av drift

GJENNOMGANGSRUTA TIL STORD



Me vil behalda gjennomgangsruta til Stord, og det med direktebuss. Ruta blir brukt av pensjonistar, studentar og flyktingar som går på skule. Dette er veldig viktig for oss.



TYSNESHALLEN



Har ynskje om rute frå idrettshallen



Korrespondansar

- Merkast i ruteheftet
- Må faktisk korrespondera

Tingingsruter

- Bruk av drosje
- Kilometergrunnlag reknast av forventa bruk

Skuleskyss

- Skulekort kan brukast to gonger i døgnet, uavhengig av når
- Skuleruter skal ikke reknast inn i kilometergrunnlaget
- Skuleskyss og betaling heng dårlig saman

Trafikkområde

- Tysnes skal enten ligge trafikkområde Sunnhordland eller mot Os-Fana-Ytrebygda.





Skyss, Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 26.11.2015
Vår ref: 2014/428 - 23419/2015 / 025
Dykkar ref:

Trafikkplan Sunnhordland - innspel frå Stord kommune

Stord kommune har vore invitert til tre dialogmøter der innspel til trafikkplan Sunnhordland har vore tema og opplever at planen i stor grad varetar dei innspela kommunen har gitt.

I det vidare arbeidet med å detaljera rutetilbodet vil me likevel understreka at me ser det som viktig med effektive stamlinjer på Stord. Det er og viktig for oss med god regularitet mellom dei største bu-områda, og ruter som fangar opp mest mulig av dagens bustadfelt. Meir effektive rutetrasear og fleksible overgangar på sentrale omstigningstopp ser me og som viktig for at innbyggjarane og pendlarar i større grad skal nyttja seg av offentlege transportmidde.

Kommunen har tidlegare henta inn uttalar frå innbyggjarar, lag og organisasjonar på rutetilbodet i kommunen. Desse er vidareformidla til Skyss. Kort oppsummert går innspela på følgjande:

- Styrking/ regularitet på stamrutene
- Fleire ruter på kveld og i helg
- Ungdom ynskjer betre moglegheit for å bruke kollektiv til / frå trening og kino
- God kommunikasjon til/frå regionsenter gjennom veka dag/kveld/helg
- Betre korrespondanse mellom bussar, og mellom ferje og buss
- Betre betalingsordningar
- Rute 700 mellom Haugesund og Rommetveit er eit bra tilbod for studentar og bør satsast på då gjennom høgare frekvens og betre korrespondanse med andre ruter

Det er også viktig for kommunen at store arbeidsplassar og institusjonar som t.d. Høgskulen Stord Haugesund vert prioritert ved start/ slutt av arbeidstid til studentar og tilsette. Kommune ynskjer vidare å ha tett dialog med Skyss på skuleruter. Kommunen har ikkje planar om å endra skulestrukturen.

Me legg til grunn at kommunen vert trekt inn i det vidare arbeidet med rutetilbodet.

Med helsing

Mariann Jacobsen Hilt
kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift